

Arbeidsmarkedet nå - november 2009


"Arbeidsmarkedet nå" er et månedleg notat frå Statistikk og utredning i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skriva av Jorunn Furuberg Jorunn.Furuberg@nav.no, 26. november 2009.

Stabile arbeidsløysetal i november

Ved utgangen av november er det registrert 67 400 heilt arbeidslause hos NAV. Dette svarer til 2,6 prosent av arbeidsstyrken og er ein auke på 22 200 personar, eller 49 prosent, samanlikna med november i fjor. Korrigert for vanlege sesongvariasjonar har arbeidsløysa auka med 100 personar i løpet av november.

I løpet av dei siste månadene har vi opplevd ein avdempa vekst i arbeidsløysa. Ein del av dette kan forklarast ved auke i tiltaksaktiviteten. Sesongkorrigerte tal viser no at i løpet av den siste månaden har talet på summen av heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar auka med berre 200 personar. Dei siste månadene har det vore ein liten nedgang i talet på nye arbeidssøkjjarar som melder seg til NAV. Samstundes held tilgangen av nye stillingar fram med å falla. Vi ventar difor at den avdempa veksten i arbeidsløysa vil halda fram i tida framover.

Figur 1. Utviklinga i talet på registrerte heilt arbeidslause og summen av ordinære tiltaksdeltakarar og heilt arbeidslause. Sesongjusterte tal. Januar 1998 – november 2009.




Kjelde: NAV.

Litt færre nye arbeidssøkjjarar

Tilgangen av nye arbeidssøkjjarar som melder seg til NAV har gått noko ned dei siste månadene, men ligg framleis på eit høgt nivå. Figur 2 viser at tilgangen av nye arbeidssøkjjarar har vist ein minkande trend dei siste månadene.

Figur 2. Tilgang av ordinære arbeidssøkjjarar per yrkedag, beholdning av summen av heilt arbeidsledige og ordinære tiltaksdeltakarar. Sesongjusterte tal. Trend. Januar 2001- november 2009.




Kjelde: NAV

Nedgang i talet på nye ledige stillingar

Sesongjusterte tal viser ein nedgang i talet på nye ledige stillingar i løpet av november. Samanlikna med same periode i fjor blei det registrert 24 prosent færre ledige stillingar i løpet av november. Det var ein nedgang innan alle yrkesgrupper. Nedgangen var størst for stillingar innan ingeniør og ikt-fag (-35 %), kontorarbeid (-32 %) og innan barne- og ungdomsarbeid (-31 %).

Figur 3. Tilgang ledige stillingar per yrkedag.¹ Sesongjusterte tal. Trend. Januar 2001- november 2009.



Kjelde: NAV

Færre delvis arbeidslause i november

Dei siste månadene har auken i talet på delvis arbeidslause flata ut. Sesongkorrigererte tal viser at det i løpet av november var ein nedgang på 200 delvis arbeidslause. Ved utgangen av november er det registrert 30 900 delvis ledige hos NAV, dette er ein auke på 63 prosent ,eller 11 900 personar, samanlikna med november i fjor.

¹ Omfattar stillingar utlyst i media, registrert av arbeidsgjevar på nav.no eller meldt til NAV.

Figur 4. Delvis arbeidsløse. Sesongjusterte tal. Januar 2000- november 2009.



Kjelde: NAV

Utviklinga i norsk økonomi

Tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) viser at bruttonasjonalproduktet (BNP) for Fastlands-Noreg auka med 0,5 prosent i 3. kvartal i år. Det var vekst i produksjonen både innan industri og bygg og anlegg, samstundes som det var auke i offentleg og privat konsum. Også auka eksport bidrog til veksten i BNP, medan det var ein nedgang i investeringane i fastlandsøkonomien.

Etter fire kvartal med nedgang i industriproduksjonen viser sesongjusterte tal frå SSB ein vekst på 1,4 prosent frå 2. til 3. kvartal i år. Samanlikna med tal for september i fjor er det likevel ein nedgang i industriproduksjonen på 4,4 prosent. Det er særleg næringsmiddelindustrien og deler av metallindustrien som har bidrege til positiv vekst i 3. kvartal. Også produsentar av skip og boreplattformer opplevde vekst i produksjonen, men her viser tal frå ordrestatistikken ein sterk nedgang i talet på nye oppdrag.

Ordretilgangen til industrien falt med 31,5 prosent i 3. kvartal i år samanlikna med 3. kvartal i fjor. Nedgangen i ordretilgangen i 3. kvartal er lågare enn tidlegare i denne nedgangskonjunktoren, og viser teikn til utflating. I 3. kvartal minka ordreservane i industrien samla med 33 prosent, dei fleste næringane opplever ein nedgang. For verftsindustrien var ordreservane heile 40 prosent lågare i 3. kvartal i år enn i same periode i fjor. Finanskrisa har ført til lågare etterspurnad frå utlandet og finansieringsvanskar for oppdrag til norsk industri.

Nedgangen i ordretilgangen til bygg og anlegg har flata ut, og i 3 kvartal i år var tilgangen av nye ordrar 2 prosent lågare enn på same tid i fjor. Det er særleg anleggsektoren som opplever

ein vekst i talet på nye ordrar. Ordretilgangen på nye bustadbygg er framleis låg, men det har vore ein auke i talet på ordreservar på bustad rehabilitering. Byggearealstatistikken viser at det er ein nedgang i igangsetjing av alle typar nye bygg. Dei første ni månadene i år er det sett i gang bygging av 27 prosent færre bygg enn same periode i fjor, rekna i bruksareal.

Tal frå AKU viser at det har vore ein nedgang i sysselsetjinga på 38 000 personar frå 3. kvartal i fjor til 3. kvartal i år. I same periode har det vorte 18 000 færre sysselsette innan industrien. Også varehandel og bygg og anlegg har opplevd nedgang i sysselsettinga. Yrkesdeltakinga har gått ned samla frå 74,3 prosent til 72,6 prosent i perioden. Det er særleg dei yngste som trekkjer seg ut av arbeidsmarknaden.

Utviklinga internasjonalt

Den internasjonale nedgangen har flata ut dei siste månadene, og mange land opplever no økonomisk vekst. Samstundes er arbeidsløysa høg i Europa og i USA, og dette kan verka negativt inn på internasjonal økonomi.

I Sverige vaks BNP med 0,2 prosent i 2. kvartal i år samanlikna med 1. kvartal. Samstundes auka arbeidsløysa, og tal frå Eurostat viser at arbeidsløysa i Sverige var 8,8 prosent i oktober.

I Eurosona samla er det no vekst i økonomien. BNP vaks med 0,4 prosent frå 2. kvartal til 3. kvartal i år, etter ein nedgang i dei fem føregåande kvartala. Dei siste månadene har industriproduksjonen auka. Samla er arbeidsløysa i Eurosona 9,7 prosent i oktober.

I Tyskland har det vore vekst i BNP både i 2. kvartal og 3. kvartal, og det har vore ein auke i industriproduksjonen. Auken i arbeidsløysa i Tyskland har flata ut, og arbeidsløysa har lege stabilt på 7,6 prosent i perioden juli til september.

I USA auka BNP med 2,8 prosent i 3. kvartal, målt i årlig rate, etter ein nedgang dei førre fire kvartala. I oktober var arbeidsløysa i USA 10,2 prosent, dette er den høgaste arbeidsløyseraten sidan april 1983. Bustadmarknaden i USA er i ferd med å betra seg, prisane er i ferd med å stiga, og salet av brukte bustader har auka kraftig dei siste månadene. Det er likevel stor uvisse rundt kor mykje dei mellombels skatteletta for førstegongskjøparar har å seia for denne betringa.

Veksten i kinesisk økonomi har teke seg opp att, og årsveksten i BNP var på 8,9 prosent i 3. kvartal, mot 7,9 prosent i 2. kvartal. Mykje av veksten skuldast auke i investeringar og privat forbruk. Utviklinga i kinesisk økonomi har stor innverknad på utviklinga i internasjonal økonomi samla.

Størst auke i arbeidsløysa innan ingeniør- og ikt-fag

Samanlikna med november i fjor har arbeidsløysa auka innan alle yrkesgrupper. Arbeidsløysa har auka mest innan ingeniør- og ikt-fag (88 %) og innan bygg og anlegg (72 %). Auken er minst i yrkesgruppene jordbruk, skogbruk og fiske (16 %) og undervisning (22 %). Arbeidsløysa er høgast innan bygg og anlegg (4,5 %) og industriarbeid (4,1 %). Færrest arbeidsause finn vi i yrkesgruppene undervisning og helse, pleie og omsorg med 0,6 % og 1,0 % arbeidslause.

Ingeniør- og ikt-fag

Sjølv om dette er den yrkesgruppa som har hatt den sterkaste auken i talet på arbeidslause samanlikna med november i fjor, er arbeidsløysraten låg (1,2 %). I denne yrkesgruppa aukar arbeidsløysa mest blant sivilingeniørar og sivilarkitektar (131 %) og blant ingeniørar og teknikarar(108%).

Leiarar

I denne yrkesgruppa aukar arbeidsløysa mest blant leiarar i privat sektor (88 %)

Bygg og anlegg

Blant yrka innan bygg- og anlegg aukar arbeidsløysa mest for elektrikarar der det no er 225 prosent fleire arbeidslause enn ved utgangen av november i fjor. Også for røyrleggjarar har det vore ein sterk auke i arbeidsløysa i perioden (174 %).

Industriarbeid

Innan industriyrka har arbeidsløysa auka mest blant støyparar, sveisarar og platearbeidarar der det no er 146 prosent fleire arbeidslause enn på same tid i fjor. Også blant automatikarar og elektriske montørar (99 %) har arbeidsløysa auka monaleg.


Undervisning

Samanlikna med november i fjor har arbeidsløysa auka mest blant førskolelærar (53 %). Sjølv om arbeidsløysa innan undervisningsyrka har auka med 22 prosent frå november i fjor til november i år, er det låg arbeidsløysa i denne yrkesgruppa.

Helse, pleie og omsorg

I denne yrkesgruppa har arbeidsløysa auka mest for sosionomar og barnevernspedagogar (61 %) og blant omsorgsarbeidarar og hjelpepleiarar (32 %).

Figur 5. Prosentvis endring i talet på arbeidslause etter yrkesbakgrunn. November 2008 –november 2009.




Kjelde: NAV

Færre arbeidslause med kort varigheit som arbeidssøkjar

Blant dei heilt arbeidslause er det no 11 300 som har vore registrert som arbeidssøkjarar mindre enn fire veker. Dette er ein prosent færre enn på same tid i fjor. Samanlikna med november i fjor aukar arbeidsløysa mest for dei som har vore arbeidssøkjarar mellom eit halvt og eitt år. Dette heng saman med den sterke auken i tilgangen av nye arbeidslause for eitt år sidan.

I mange yrkesgrupper er det no færre arbeidslause med kort varigheit samanlikna med november i fjor. Størst nedgang er det blant meklarar og konsulentar (- 15 %) og innan bygg og anlegg (- 12 %). Flest nye arbeidslause finn vi yrkesgruppene ingeniør- og ikt-fag (21 %) og blant leiarar(16 %).

Figur 6. Registrerte arbeidslause med mindre enn 4 veker varighet som arbeidssøkjarar etter yrke. Prosentvis endring november 2008 – november 2009.




Kjelde: NAV

Lågast auke i arbeidsløysa i Finnmark

Samanlikna med november i fjor har arbeidsløysa auka i alle fylke. Auken har vore størst i Rogaland (96 %) og i Akershus (78 %). Minst auke i arbeidsløysa har det vore i Finnmark (6 %) og i Nordland (17 %).

Ved utgangen av november er arbeidsløysraten høgast i Oslo (3,6 %) og i Østfold (3,1 %), medan det er færrest arbeidslause i Sogn og Fjordane (1,7 %) og i Rogaland (2,1%).

Figur 7. Prosentvis endring i talet på arbeidslause etter fylke. November 2008 - november 2009.




Kjelde: NAV

Fleire arbeidslause arbeidsinnvandrere

Figur 8 viser arbeidslause etter statsborgarskap for dei landa som er mest aktuelle for arbeidsinnvandring. Polakkar og svenskar er dei største gruppene blant dei arbeidslause arbeidsinnvandrane. Ved utgangen av november var 3 300 polakkar og 1 200 svenskar registrerte som arbeidslause hos NAV. Samanlikna med same periode i fjor har auken i arbeidsløysa vore sterkast blant statsborgarar frå dei baltiske statane og blant islendingar.

Figur 8. Registrerte arbeidsledige etter statsborgarskap. Talet på personar i november 2009, og prosentvis endring frå november 2008 til november 2009.





Kjelde: NAV

Spesielle tilhøve ved månadsoppdateringa

Det er ingen kjende spesielle tilhøve som har innverknad på oppdateringa av månadstala i november.


Figurvedlegg

Figur 9 og 10. Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar innanfor yrkesgrupper (yrkesbakgrunn). Januar 2008 –november 2009. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigererte tal.



Kjelde: NAV

Figur 11. Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar i regionar. Januar 2008 –oktober 2009. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigererte tal.



Kjelde: NAV